

## Sone 3

# Årsmelding 2018



**Innkalling til årsmøte i Jølster jakt og fiskelag sone 3  
på Thon hotel Jølster tysdag 19 mars 2019 kl. 20.00**

- Sakliste:
- 1 . Godkjenning av innkalling og sakliste.
  - 2 . Val av møteleiar og skriver.
  - 3 . Val av to til å skrive under møteboka.
  - 4 . Årsmelding.
  - 5 . Rekneskap.
  - 6 . Disponering av overskot/ dekking av underskot
  - 7 . Pris på fiskekort / jaktkort.
  8. Arbeidsplan 2019
  9. Val

Forslag arbeidsplan 2019:

- Jølster Aurefest
- Marknadsføring av sportsfiske i Jølster
- Sportsfiskekart
- Villreinarbeidet i samarbeid med utval og villreinnemnd.
- Fangstregistrering i Jølstravatnet

Frå ca kl 21.00 matøkt og fellesmøte med sone 2 og 4 .

**Framlegg frå fellesstyremøte om fiskekortprisar for 2019:**

Døgn kr 120,-  
Veke kr 600,-  
Sesong kr. 1000,-

Gjeld for heile Jølster og med alle sportsfiskereiskap.

**Framlegg frå fellesstyremøte om jaktkortpriser for 2019:**

Døgn kr. 150,-  
Veke kr. 500,-  
Sesong kr. 1000,-

Gjeld for heile Jølster og det er fangstbegrensning med døgnkvote på 3 ryper.

**Vår nettside:** [www.jolstraure.no](http://www.jolstraure.no)

# Jølster Jakt og Fiskelag

## sone 3

### Årsmelding 2018

Førre årsmøtet vart halde på Skei Hotel. Det var og fellesmøte med sone 2 etter matøkta.

Styret i meldingsåret har vore :

Finn Årdal , leiar  
Inge Erikstad, nestleiar  
Jonny Lofnes , kasserar  
Johs O Kjøsnes, styremedlem  
Ottar Magne Fugle, styremedlem

Varamedlem: Magnar Juklestad

Styret har hatt 2 styremøte og handsama 6 saker. Det er gjeve tilskot til: Jølster Aurefest, Sportsfiskeprosjektet i Jølster og til fiskeutstyr for aktivitetsstova ved Skei omsorgsenter. Styret har og delteke på fellesstyremøte for alle sonene i Jølster Jakt og Fiskelag og Finn Årdal har vore leiar i fellesstyret.

#### **Fisket**

Det vart i 2018 selt 1946 fiskekort mot 1837 i 2017. Dette totalt for alle 4 sonene. Fangstregistreringa viser ein samla fangst i Jølstravatnet i 2018 på 15850 kg. Dette er samla berekna fangst for både næringsfiske og sportsfiske.

#### **Villrein**

Styret heldt trekking av villreinløyva i Førdefjella for Jølster sin del der Ove Erikstad og Nils Huus fekk løyve.

#### **Rev**

Det er felt 73 rev totalt i Jølster i 2018. Sone 3 betaler 25% av fellingsvederlaget på kr. 400,- pr rev. Og sankelaga betaler og 400 kr, totalt blir det betalt 800 kr pr. rev. Det har og blitt felt 2 mår og 16 kråker.

#### **Småviltjakta**

Det vart totalt i Jølster selt 134 jaktkort mot 141 i fjor.

#### **Kontrollordninga**

Fiskekortkontrollen har også i år vore utført av Kjell J Kvammen

#### **Jølster Aurefest**

Vart arrangert 9 juni 2018. Det vart rekorddeltaking med 1186 deltakarar og mykje god reklame for Jølster.

Finn Årdal har i 2018 vore leiar i hovudkomiteen og mange av våre medlemmar deltok på dugnad. Vi bidreg og med gratis fiskekort for deltakarane.